

# BOKN BYGDEBLAD

NR. 7 - AUG./SEPT. 1988 ÅRG. 3

UTGJEVAR: BOKN KULTURKONTOR

## GRENDAHUS?

Dette var overskrifta på eit rundskriv som Bokn Høgre sende ut til alle husstandane i kommunen sist veke. Dei kalla inn til eit allmannamøte fredag den 26.august på Bokn skule for å sjå korleis interessa blant boknarane var for det.

Og over 50 boknarar møtte fram. Per Nesvik orienterte om føremålet med møtet: Det var å registrera interessa for prosjektet - og prøva å tenna gnisten for det.

Han hadde undersøkt i fleire andre kommunar og gendar som hadde bygd grendahus, m.a. Kvitsøy, Ombo og Hjelmeland. Nokre hadde gjeldfrie hus, mens andre hadde problem med finansiering.

Det var også kasta ut idear om kva eit slikt hus skulle innehalda, og kven som skulle ha ansvar for drift o.l.

Det kom ganske snart fram at idrettslaget i alle fall var interessert i å delta i eit grendahus/id-

FRAMH. S. 2



Eit grendahus skal romma mange ulike aktivitetar.

# GRENDAHUS... fra s.1

rettshall, og ein vil etter kvart undersøkja kva andre organisasjonar som kan vera interessert.

Det kom fort fram at møtet i seg sjøl ikkje kunne gjera så mykje anna meir i saka enn å velja eit interimsstyre til å arbeida vidare med saka. Desse vart valde:

Per Nesvik - formann

Geir Christiansen

Ingunn Sunde

Hans Faye

Trine Alvestad

Varamenn:

Helge Kr. Nilssen

Hans Ovidth

Ingrid Jøsang

Tor Kjell Foss

Linda Jensen

Det var elles nemnt i møtet at ein ikkje må blanda partipolitikk inn i dette. Sjøl om det var Bokn Høgre som tok initiativet denne gongen, såg det ut til at folk frå fleire parti heilhjarta støtta ideen, og skal prosjektet ha framtida føre seg, må dei fleste støtta opp om det.

Dugnadsånda til boknarane vart også diskutert, og det må ein ganske god innsats til på denne fronten dersom det skal kunna realiserast.

Det vil seinare bli eit oppfylgjingsmøte om korleis det vidare arbeidet skal leggjast opp.

## KYRKJEBYGD SUNDAGSSKULE/LÆRARSKIFTE

Me som er foreldre og besteforeldre til borna i kyrkjebygda, vil få takka Målfrid Langhelle for innsatsen ho har gjort i sundagsskulen vår gjennom ti år.

Ho har no bede om avløysing.

Me vil også be deg som les dette, og som meinat at det er viktig for oss å ha ein sundagsskule, at du tenkjer over om DU skal verta den nye sundagsskulelæraren.

Løna får du rett frå Vår Herre og det betyr ikkje at det alltid er pengar.

Her er sundagsskule sundagar når det ikkje er gudsteneste. Tida på dagen kan du ordna med sjølv. Du må stå i den norske kyrkja og forkynna etter kyrkja si vedkjennig.

Du kan ringja tlf. 74 83 64.

Lukke til.

Solveig Ognøy

## **Enklere å få fradelt bolig- og hyttetomter fra 1. juli.**

Landbruksnemndene i kommunene skal fra 1.juli i år få fullmakt til å fradelte hytte- og boligtomter. Samtidig skal det bli lettere å få fradelt boligtomter i distrikts-Norge, framgår det av rundskriv fra Landbruksdepartementet.

-Delegeringen av avgjørelsesmyndighet i tomtesaker fra fylke- til kommunenivå vil forenkle saksbehandlingen og forkorte saksbehandlingstiden i slike saker. Det vil gi en bedre service til søkerne og mer effektiv tjenesteyting fra myndighetenes side, sier landbruksminister Gunhild Øyangen.

-Praktiseringssreglene skal sikre at søkerens ønske om fradeling eller om-disponering av jord til boligformål i distriktene blir imøtekommert så langt det er mulig ut fra jordvernshensyn, sier hun.

Ser det ut til at søknad om fradeling av tomt ikke kan imøtekommes, skal landbrukskontoret ta kontakt med søkeren. Den som forbereder saken for landbruksnemnda, skal prøve å finne fram til en løsning som er driftsøkonomisk forsvarlig og heller ikke fører til drifts- og miljømessige ulemper.

Hvis det ikke er mulig å finne fram til en hensiktsmessig løsning, skal landbruksnemnda vurdere om hensynet til bosetting bør føre til at landbruksinteressene bør vike. Her gir det en rettledning dersom tomta ligger i et område berettiget til tilskudd fra Distriktenes utbyggingsfond. Det bør også tas hensyn til om tomta ligger i ei gren der det er problemer med å opprettholde bosettingen. Desto større behovet er for å opprettholde bosettingen i et område, desto mer bør det kreves av uheldige konsekvenser før fradeling til bolig kan nektes.

Landbruksdepartementet vil følge utviklingen nøyne bl.a. for å sikre at retningslinjene virker etter sin hensikt. Retningslinjene er nedfelt i rundskriv om praktiseringen av jordlovens bestemmelser om fradeling og omdisponering av dyrket og dyrkbar jord. De nye delegasjonsbestemmelsene er gitt i eget rundskriv. Tilsvarende bestemmelse vil bli gitt på skoglovens område.

## **RADON - PROSJEKTET**

Statens institutt for strålehygiene er ennå ikke ferdig med ei landsomfattende måling av radon i bustadhus. Heile prosjektet skal avsluttast i mars/april 1989.

Statens institutt for strålehygiene har også foretatt målinger i Bokn. Der det ikke er kome resultat sjøl om det har gått minimum 3 mnd. frå huseigar returnerte disimeteret, opplyser instituttet at resultatet er under 200 Bq/m<sup>3</sup>. Instituttet seier at dette er så låg verdi at det ikke er nødvendig med mottiltak.

Fullstendig rapport vil bli sendt alle kommunar når måledelen i prosjektet er avslutta og resultata er bearbeidd (ca. juni 1989)

## **KOMMUNESTYRET BER OM FAST DEKKE**

Den därlege standarden på visse fylkesvegstrekningar i Bokn har fått kommunestyret til å senda ein uttale til Vegsjefen der ein ber om at strekninga Aukland - Loten på Vestre Bokn og Våga - Nydalen på Austre Bokn vert vurdert m.h.t. å få pålagt fast dekke.

Bokn kommunestyre meiner at desse vegstrekningane til tider knapt kan kallast kjørbare.

Etter det bygdebladet kjenner til, har løvvingane til fylkes vegar berre blitt mindre og mindre dei siste åra. Det står att å sjå om Vegsjefen vil reagera på utspelet frå Bokn - eller må Bokn kommune sjøl finansiera fast dekke der som dei vil ha det innan rimeleg tid?

## NY KVINNE PÅ TEKNISK ETAT

Marit Irene Markhus begynte i stillinga som avdelingsingeniør ved teknisk etat den 15.august i år.Då hadde kommunen i lengre tid avertert etter ingeniør,og viktige oppgåver i teknisk sektor måtte setjast ut p.g.a. for lite mannskap ved etaten.

Bokn Bygdeblad har hatt ein prat med den nye medarbeidaren i kommunen.

Ho fortel at ingeniørutdanninga har ho tatt for to år sidan ved NKI-skulen på kommunal teknisk linje.Denne linja legg spesiell vekt på vatn(avløp og arealplanlegging.Etter ingeniørutdanning har Marit Irene Markhus dei to siste åra arbeidd som avdelingsingeniør ved teknisk etat i Hå kommune.

- Kva var det som gjorde at du nå valde Bokn som arbeidsplass?
- Eg søkte Bokn m.a. for å koma nærrare heimplassen min som er Skjoldastrauen.Der har eg mannen min og tre vaksne barn som er under utdanning - to av dei går forresten på skule i Stavanger.Minsteguten som går i 5.klasse,bur her hos meg.
- Elles synes eg også at arbeidsoppgåvene her verka interessante,og passa til mi utdanning og interesse.Her er ein jo i gang

med kommuneplanen.

Eg synes også at Bokn er eit interessant område i framtida.

Eg tenkjer då på den sentrale plasseringa kommunen vil få når fastlandssambandet er realisert.Også for meg personleg vil dette vera ein fordel,då eg vil kunna pendla dagleg heimefrå og til Bokn om eg vil.

Marit Irene Markhus fortel at ho opprinneleg er frå Trøndelag.Familien har seinare budd i Valdres og Rosendal før dei flytta til Skjoldastrumen i 1974.Mannen hennar er rektor ved Skjoldastrumen skule.Sjøl har ho det meste av det vaksne livet sitt vore husmor,men har hatt deltidssjabbar som lærar - særleg i tekstilforming.Ho har både husmor- og husflidsskule.

- Kva skal du gjera i fritida?
- Den store interessa mi er orienteringsidrett.Dette driv heile familien min på med.Denne familie-sporten håpar eg også at ein kan få i gang her i Bokn.

Marit Irene Markhus seier at ho har eit godt førsteinntrykk av Bokn og boknarane.Litt tid tar det alltid å omstilla seg til nye forhold og bli skikkeleg kjent - både i jobben og elles,men ho håpar det skal gå ganske greit.

## LIKESTILLING I POLITIKKEN?

Likestillingsombodet har i brev til Bokn kommune peika på at kommunen ikkje i stor nok grad kan ha freista å få til ei mest muleg lik fordeling av kvinner og menn i utvala - og ber om at kommunen held omval eller suppleringsval når det gjeld dei utvala som ikkje fyller minstekrava i § 21 i likestillingslova.

Bokn formannskap ga i møte den 16. august slik tilråding til kommunestyret:

1. Bokn kommunestyre har merka seg kommentarene frå likestillingsombodet til val av nemnder og utval i Bokn kommune, men finn det ueheldig å foreta omval eller suppleringsval no. Ein vil ved framtidige oppnemningar av utval tilstrebe ein mest mogleg lik representasjon av begge kjønn.
2. Bokn kommunestyre vil be likestillingsutvalet i kommunen arbeide for å få fleire kvinner til å ta del i politisk arbeid.



### ORIENTERING

Nybeggynarkurs for dei som er interesserte i orientering.

Vi startar opp tirsdag den 13.09 kl. 18.00 på Bokn skule.

Kurset held fram torsdag 15.09 og tirsdag 20.09.

Instruktør er Lars Markhus.

Alle mellom 10 og 85 år kan vera med.  
Vi håpar på god oppslutning.

Bokn Idrettslag.

## BOKNATUN 2,5 MILL. DÝRARE ENN BUDSJETTERT.

Bokn kommune sin del av kostnadene med Boknatun endar på ca. 16 mill. kroner. Når det så var budsjettet med ca. 13,5 mill. kroner, og ein i tillegg mangla finansiering for vel 0,5 mill. kroner, måtte Bokn formannskap i møte den 16. august ovafor kommunestyret tilrå ei finansiering av ei overskridning på totalt ca. 3 mill. kroner.

Overskridingane vart vedtatt finansiert ved at kombibyggfondet vert redusert med 839.384, kapitalfondet reduserast med 1.489.155, rutebilfondet reduserast med 115.000 og til slutt tar ein 567.898 av kontantbeholdninga.

Kommunen har nå eit lån på 5,7 mill. kroner på bygget.

Det var spesielt grunnarbeida som vart dyrare enn antatt. Dei vart gjort i kommunal regi, og var kalkulert til 610.000. Kostnadene vart 1.255.000 pluss moms.

## BOKN KOMMUNE

### FEIING

Alle huseiere vil få besøk av feieren i løpet av september/oktober.

Nærmere varsel vil ikke bli gitt. Hus-eiere som ikke er tilstede vil eventuelt bli kontaktet på nytt.

## PENSJONISTFORENINGA PÅ RØVÆR-TUR

Olsoksdagen året 1988 drog Bokn pensjonistforening på tur til Røvær.

Veret var ikkje det beste, men mest alle påmelde møtte opp, innstilte på, at nå skal me ha det gildt, oppleva noko nytt, sjå korleis folket lever og bur langt ut på Slettå. "Fiskjefolkjå" hadde nå vore der før, men før er ikkje nå, korkje her eller der.

Båt med god fart og greit mannskap frakta oss gjennom Røyksund og vidare fram over Slettå, ikkje eit sukk frå nokon, og før me visste ordet av det var me i Røvær.

På kaien sto han Bjørn Nedrebø og møtte oss med hjertevarmt - velkommen - han fylgde oss, viste og fortalte korleis røværfolket tok vare på folkelivet og øya si. Alle stilte opp når noko skulle gjerast til felles beste.

Bedehuset var som ei arbeidskyrkje. Heile huset bar preg av at her leve, og trivs me, her skal alt vera fint, varmt og i orden. Skulen like eins. Elevane var få, mangla 2 års-klassar, men dei hadde mange ting føre seg såg det ut for.

Minnestøtta over dei omkomne etter den grusomme "Røvær-ulykka" sto tett ved veien og viste kor hardt sjøen kan fara fram mot eit lite øy-samfunn. Den tok mest alle vaksne menn med seg i ei våt grav, alle på ein gong.

Klokka gjekk fort den, ho var blitt

12. Det var middagstid på "Røde sjøhus."

På "sjøhuslemmen" var det koselegt, og særprega tillaga, liksom ein sus frå gamal tid i møte med nåtid. Fjåge jenter serverte herlig lamme-frikase og riskrem til dessert.

Tordis Rasmussen fortalte korleis sjøhuset var blitt det var i dag, om driftige damer og menner, om 600 komler med tilbehør servert 200 gjester på ein dag.

Sola skein etter middagen. Herlegt, det var berre å ta føtene fatt å sjå seg ikring. Fine hus, blanke båtar, blomster av alle slag, drivhus med dei finaste tomater, grønsaker i bergskortar vaks i påfylt mold. Jo, sanneleg var her trivnad.


Kyr såg eg ikkje, men dei var der, heile 12 på ein gard.

80 sjeler budde på øya. Folketalet minka, ungdomen gjekk på skule og vart borte vekk, så dei såg ikkje så lyst på busetnaden.

Kaffikos på loftet var siste stopp. "Å, for ein kaffi" sa alle mann. Den var ekstra god, anten det var lufta eller kokka som var årsaka, vatnet var frå Haugesund. Radle' gjekk og songen lydde, me hadde det gildt. Alt har ein ende. Formannen takka for oss alle og gav Bjørn ein fin vase til minne om då Boknapensjonistane gjesta Røvær.

Heim kom me glad og fornøgde alle som ein, trur eg.

# BIBLIOTEKET



TYSDAG: 16<sup>00</sup> - 19<sup>00</sup>

## OPNINGSTIDER:

TORSDAG: 10<sup>00</sup> - 13<sup>00</sup>

## \* LESETIPS FOR SEPTEMBER

TLF: 748500

### NYE

## bøker for barn:

- \* Allende, Isabel:  
Eva - Luna
- \* Sverdrup, Harald:  
Slips i tretoppen
- \* Gordimer, Nadine:  
Et villskudd
- \* Klippenvåg, Odd:  
Dagers ende
- \* Rogstad - Jensen:  
Mosquito
- \* Albrektsen, Helge N:  
Arethusa
- \* Höydal, Aslaug:  
Vind og veris
- \* Sundby, Dag:  
Bare en ukes tid
- \* Solli, Åse Gyrid:  
Mårs hevn
- \* Kalleberg, Tveit:  
Halte Sölvrev og de snakkende  
bladene
- \* Rönningen, Björn:  
Fred P. 6B, Adgang forbudt
- \* Hanche Olsen, Ola:  
Dröm, Caroline, dröm
- \* Scheen, Kjersti:  
Sofie og pytondagen
- \* Newth Philip:  
Bacon og egg mot tegneserie-  
helten.

### BØKER ER SOM REGN...



DE FÅR DET  
TIL Å VØYSE

## FIN TUR TIL OGNØY

Søndag den 14.august la M/F "RÅNA" presis kl.10.30 ut frå kai i Alvestadkroken med over 30 søndagsturistar på veg til Ognøy.Undervegs var ferja innom Austre Bokn og Føresvik,og med stort og smått var det mest 100 personar som tok sjansen trass i vermeldinga som spådde regn utpå dagen.

I ferja var det sett opp stor grill under tak - og det viste seg at dette kom vel med då det tok til å regna seinare utpå dagen.

Turen gjekk direkte til Frekasundet kor boknarane kunne konstatera at bruа mellom Ognøy og Susort på det nærmeste er ferdig.

Dei fleste gjekk i land ved bruа,og gjekk til fots dei 2 - 3 kilometrane på den nye vegen over Ognøy til Ognasund,kor ferja låg.Og då kom regnet!

Det var nok mange som ville sett noko meir av Ognøy enn berre vegen og dei nære områda rundt denne,men regnet la nok ein dempar på det.

Men mange var svoltne,og grillen var flittig i bruk.


Etterpå tok ferja ein tur langs land av Austre Bokn slik at folk fekk sjå kor tunnelen opnar seg. Den er visstnok komen eit godt stykke innover i fjellet.

Så bar det heimover.Dei siste gjekk i land i Alvestadkroken litt før kl.14.30.Hadde det ikkje vore for regnet,ville turen vart lengre.

Men trass i dette - dei fleste syntes nok det var ein fin tur - og eit bra tiltak frå Bokn kommune som arrangerte turen.



Parsell av den nye rv. 512 ved Susort fra fyllinga og innover mot land.



# BOKN KOMMUNE

4290 FØRESVIK

## BUSTØNAD FOR MINSTEPENSJONISTAR

Bokn kommune har midlar til reduksjon av buutgifter for pensjonistar. Pengane skal fordelast etter desse vilkåra:

Søkjaren må:

- a) Vera alders- uføre- eller attlevande pensjonist.
- b) Ikkje ha andre inntekter enn summen av minstepensjonen i folketrygda + eventuelle mindre tillegg, eller anna inntekt pensjon som overstig denne summen.
- c) Ha buutgifter som overstig 15% av inntekta. Buutgifter omfattar husleige, avdrag og renter på bustadlån, kommunale avgifter, lys og brensel o.l.

Søknadsfrist er 1. oktober 1988.

Søknadsskjema og nærmere opplysningar får ein ved å venda seg til sosialkontoret, tlf. 74 85 00.

\*\*\*\*\*

# KJØKKENDAGER PÅ BOKN HOS IGAMLE SR-BANKS LOKALER

FREDAG 16. sept. kl. 10<sup>00</sup> - 14<sup>00</sup>

LØRDAG 17. sept. kl. 10<sup>00</sup> - 14<sup>00</sup>

TA MÅL AV DITT KJØKKEN  
UFORPLIKTENDE TEGNING OG PRIS

## TILSETJINGAR I KOMMUNEN

I deltidsstilling som reinhaldar ved Boknatun er Ingvild Sæbø tilsett.

Anna Are er tilsett som nattevakt i 1/2 stilling ved Bokn sjukestove.

Jorunn Schmeichler er tilsett i lærarstilling ved Bokn skule.

Frida Kolbeinsen er tilsett ved Bokn barnehage.

Marit Irene Markhus er tilsett som avdelingsingeniør I ved teknisk etat.

## BOKN FÅR BESØK AV "GAMLEPRESTEN"

Fredag 9. september kl. 19.30 blir det basar på Bokn skule. Inntekta går til Bokn bedehus. Det er skulen på Austre Bokn som skal innredast til bedehus.

Denne kvelden får me besøk av Elisabeth og Per Arnulf Nordbø. Dei vil halda andakt og underhalda med song og musikk.

## BRUKSHUSET NY ÅPNINGSTID

NB: Nye åpningstider i Bruks-huset (gamle banken) vert laurdagar frå kl. 11 - 13.

## PERMISJON FOR SKULESJEFEN?

Bokn skulestyre har gått inn for at skulesjef Svein Ved får permisjon frå stillinga si i Bokn frå 1.1.89 og 1 år framover. Saka skal til behandling i dd ministrasjonsutval, formannskap og kommunestyre. Svein Ved har fått arbeid som rektor ved Ferkingstad skule.

## MISTA

Har nokon sett ein mørk raud dame-sykkel?

Ring tlf. 74 83 12

## ØNSKES KJØPT

Brukt pikesykkel ønskes kjøpt. Henv. Venke Grønnestad, tlf. 748330.

## KJØP/SALG

Teakskjenk ønskes kjøpt. Maks lengde 1.80.

Termopanvindu m/fast karm, 120 x 150, m/persienner til salgs.  
Tlf. 74 83 18.



## BLANDAKORET

Har du planer om å begynne i dette koret? Da må du ikke nøle med å melde deg på nå! Et nytt skoleår er begynt, og koret skal øve inn et nytt repertoar. Sangene er nye, og flere av medlemmene er også nye.

Men vi trenger flere - nemlig, akkurat deg! Fra kl. 20.00 til 21.45 på mandagskveldene i musikkrommet synger vi sammen - folk fra 13 og oppover!

DU ER HJERTELIG VELKOMMEN TIL  
Å VÆRE MED Å LA BOKN BLANDAKOR BÆRE SITT  
NAVN MED RETTE!

Hilsen Jardar

PÅ GRUNN AV ØKENDE RÅSTOFFTILGANG MÅ VI HA TO SKIFT  
FOR Å KUNNE TA UNNA LEVERANSENE -  
VI SØKER DERFOR ETTER DAMER OG HERRER TIL:



Tlf.: 74 86 00

4290 FØRESVIK

## ARRANGEMENT

- fredag 2.sept.- Skulekorpset har Bingo.  
fredag 9.sept.- Bokn bedehus har basar.  
fredag 23.sept.- Idrettslaget har Bingo.  
fredag 24.sept.- Dans - Bokn Brass.  
Musikk:Embassy.  
Diskoteket: 10.september.

## HELSESTASJONEN

NY ÅPNINGSTID  
ONSDAGER fra kl.09 - 12,

## FOTPLEIE

Det vert fotpleie, mandag 5.september.  
Påmelding sosialkontoret snarast.

## NYHET! SR-STUDIEPAKKE

- SR-STUDIEKREDITT uten etableringsgebyr
- HELÅRS-REISEFORSIKRING i Europeiske
- miniBank-kort uten årspris
- LÅN TIL FØRSTEGANGSETABLERING

SR-STUDIEPAKKE med alle disse fordelene får du for kun kr 400,- pr. studieår. Skulle du benytte deg av disse tjenestene hver for seg ville det koste langt over kr 1000,- pr. år.

Planlegg din studie-  
økonomi med oss!

